

# Stadbasert entreprenørskap og læring

## Prosjektbeskriving

Entreprenørskap knytt til landbruksnæringa vil i framtida handla om produksjon, men og om samspel. Ut frå stadens eigenart, naturgitt og kulturelt, handlar det om å skape meining og verdier saman med andre. Eit gardsbruk som utnyttar samspelet med dei behov staden gjev, vil også være ei berekraftig bedrift. Samtidig vil gardar med skapande virksomheit ut frå stadens eigenart vera svært attraktive læringsarenaer. Skulen og yrkesutdanninga vil i framtida ha behov for slike autentiske læringsarenaer kor stadbasert entreprenørskap blir utøva. Som innanfor alle kreative fag og skapande virksomheit, må de lærast gjennom å øve i skala 1:1. For å utvikle stadbasert entreprenørskap og læring innanfor ein region, krev det ein heilheitleg prosess der dei viktigaste aktørane møtest og skapar førutsetningar for samvirke. *Kulturlandskapet vert teke vare på og utvikla, næringa får fleire bein å stå på og skule og utdanning får autentiske læringsarenaer.*

Prosjektet tar sikte på å utvikle eit kurs for aktørar innan landbruksnæringen som ynskjer å utvikla landbruket som en samspelsarena, både i forhold til stadbasert læring og til entreprenørskap. Eit pilotkurs vil bli tilbydd innanfor kommunar som soknar til Nærøyfjorden Verdsarvspark (Aurland, Vik, Voss, Lærdal). Gjennom samarbeid med Seksjon for læring og lærarutdanning ved UMB vil kurset bli kvalitetssikra og tilbydd som kompetansegejevande vidareutdanningskurs (15 studiepoeng). Etter gjennomført pilotkurs vil kurset frå UMB bli tilbydd nasjonalt for andre kommunar i områder med sterk vekt på bruk og vern problematikk.

### BAKGRUNN

Det grønne kompetansemiljøet i Aurland <sup>1</sup> har utvikla mykje kunnskap og erfaring gjennom mange år, og ulike plattformer for samarbeid er etablert, både innan kommunen og i regionen.<sup>2</sup> Dette prosjektet vil styrke den felles faglege plattformen for aktørane, og samtidig utvikle grunnlag for brei verdiskaping både i næringa, landskapet og i skulen. Seksjon for læring og lærarutdanning ved UMB ynskjer på si side eit samarbeid med denne regionen for å utvikla ny kunnskap om stadbasert verdiskaping, utdanning og rettleiing i landbruket.

### Behov for ny kunnskap

I perioden mellom 1999 og 2009 blei talet på produksjonsbedrifter i jordbruket redusert frå ca. 61000 til 47900, altså ein nedgang på ca. 23000. 9 av 10 bedrifter som er lagt ned dreiv med husdyrproduksjon. Talet på bedrifter med mjølkeproduksjon er redusert frå 20000 til 11000 (Riksrevisjonen 2010). Tradisjonelt har samhandlinga i jordbruket vore tett knytt til produsentmiljøa, spesielt knytt opp mot dei som driver med husdyr, og med bortfallet av aktive gardsbruk forvitrar også produsentmiljøa. I og med at stadig færre er virksomme i landbruk, har stadig færre i samfunnet berøring og erfaring med praktisk landbruk. Individualisering med fokus på den enkelte samfunnsborgers prosjekter er aukande, i bygda og i landbruket, som elles i det norske samfunnet. I samspelet mellom nedlegginga, individualisering og avtakande innsikt i landbruk, oppstår behov for ny kompetanse i naturbruk.

---


<sup>1</sup> Sjø avtale om Campus-samarbeid, vedlegg nr. 6 i KIL-søknaden (datert 24.02.2011)

<sup>2</sup> Nærøyfjorden verdsarvspark [www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no)

Tidligere kunne det vore tilfredsstillande å gå inn i eit produksjonssystem slik det var, utan å legge særskilt vekt på stadbaseret og sjølvbevisst yrkesutøving. Oppløysing av landbrukets produsentmiljø, dårligare lønnsomheit i produksjonslandbruket og aukande etterspørsel etter tenestar knytt til oppleving og identitet, fordrar nye tilpassingar og ny kompetanse. Denne utviklinga i landbruket er i tråd med ein generell omveltning i samfunnet, der den enkelte lausriv seg frå det tradisjonelle og stadforankra og må gjenskapa eigen identitet og forankring (Giddens 1997<sup>3</sup>).

### Berekraftig stadutvikling

Regional utvikling forutset eit breitt tverrsektorielt perspektiv og motivasjon for å skape samarbeid mellom ulike aktørar. Regional utvikling kan ikkje forklarast bare med arbeid og arbeidsplassar. Tradisjon og historie, identitet og tilhøyringheit er viktige faktorar. Forvaltning av stadens natur- og kulturgrunnlag og ei sterk bevisstheit om eigne verdiar og ressursar er sentralt for å skape trivsel, stoltheit og engasjement for å utvikle sin eigen stad i framtida. Dette bidreg også til å skapa attraktive stader for tilflytting. Stadutvikling handlar om å skape betre stader å bu, arbeida og leva. Med utviklinga av identitetssamfunnet er det ein aukande bevisstheit om og etterspørsel etter verdien av å bygge på stadens eigen identitet og historie, og ta i bruk lokale natur- og kulturarv som ressurs i utvikling av staden. Eit godt læringsmiljø i oppveksten, gode kultur- og fritidstilbod og møteplassar for innbygarane er viktig grunnlag for engasjement for framtidig utvikling av staden. I eit berekraftperspektiv vil utviklinga skje i eit samspel bygd på dei tre faktorane stad, befolkning og verksemd:



Eit sentralt verkemiddel i berekraftig stadutvikling er å etablere gode møtestader for meningsutveksling, læring og sosial og kulturell verdiskaping. Møteplassar kan oppstå på forskjellige måtar, både som fysiske læringsarenaer og som kulturell identitet. Kunnskap og engasjement kring eigen heimstad vil føra til auka ansvar i kvart enkelt menneske når det gjeld utvikling av landskap, natur- og kulturressursar. Ein slik samanheng mellom medverknad og berekraftig utvikling er etter vårt syn globalt gjeldande.

<sup>3</sup> Giddens, A. 1997. *Modernitetens konsekvenser*. Oslo: Pax Forlag.

## **Stadbasert entreprenørskap**

Framleis er det slik at det er landbruket, bøndene, som påverkar landskapets karakter og utforming enten gjennom bruk eller som fylgje av det motsette. Det er behov for å utforske kva garden og staden har å tilby i møte med nye behov. Dette fordrar innsikt i både kva den enkelte yrkesutøvar ynskjer, vil og kan drive med og korleis samspelet mellom menneske og staden kan utviklast.

I landbruket vil stadbasert entreprenørskap med fokus på utvikling av samspel lokalt og regionalt krevja nye former for kunnskap innanfor klassisk bedriftsleiing. Garden og virksomheita må setjast inn i samanheng med ressursane som finnes. Dette gjelder både naturens ressursar og menneskelege ressursar knytt til lokalt næringsliv og kulturliv. Innanfor yrkesutdanning, lærarutdanning og forskning i naturbruk vil stadbasert entreprenørskap bli eit sentral nytt kompetansefelt for å fornye naturbasert næringar og sette dei i stand til å bli kulturelle regionale samfunnsaktørar. I og med at fagfeltet i seg sjølv er nytt, ynskjer prosjektet å samle kompetanse frå profesjonssida, forvaltningssida utdanningssida og forskning. Kursutvikling gir anledning til å ha en felles oppgåve å samle seg om. At brukaren er med å forme innhaldet og form på kurset gir det ei forankring. Den sentrale aktøren på utdanningssida vil vera UMB, Seksjon for læring og lærarutdanning i samarbeid med Institutt for landskapsplanlegging og Aurland Naturverkstad. Sogn Jord- og Hagebruksskule har i mange år utviklet kompetanse knytt til lokalbasert produksjon, foredling og næringsutvikling og vil være vertskapskule for pilotkurs-utviklinga. Aurland Naturverkstad har unik kompetanse knytt til stadutvikling og gjennom dei vil også eit breidt nettverk av bønder og foredlingsaktørar i regionen trekkjast inn.

Kombinasjonen mellom bruk og vern er eit av de viktigaste praktiske tiltak som kan trekkjast ut frå Rio-konvensjonen om berekraftig utvikling. Samspill mellom bruk og vern krev dialog, samhandling og utvikling av felles prosjekter mellom offentlig forvaltning og lokalbefolkning. Stadbasert entreprenørskap inneber evne til å utvikle prosjekt som gir inntekter og ivaretek økologiske samanhengar, landskapskvaliteter og levd kulturarv.

## **Stadbasert læring og stadformidling**

Stadbasert læring handlar om å ta i bruk relevante læringsarenaer på staden, så som skulehage, gardsbruk, bedrifter, institusjonar og organisasjonar, som oftast med ei tverrfagleg tilnærming. Elevane får ei opplæring knytt til det verkelege liv, samstundes som skulen styrker si rolle som ein viktig ressurs i lokalsamfunnet. Den representerer fagressursar og møteplassar, og kan vere eit viktig forum for dialog og samhandling med innbyggjarar og næringsliv. Ikkje minst vil ein gjennom lokalt forankra læringsaktiviteter bringe barn og unge i nærare kontakt med sin stad, og dette vil styrke identitet, tilhøyrighet og kunne stimulere til entreprenørskap.

Stadformidling ("interpretation") er eit internasjonalt kunnskapsfelt i rask utvikling, der det i særleg grad vert lagt vekt på å kunne formidle og skape dialog mellom stad, lokalbefolkning og besøkande. Stadformidling kan vere ein viktig inngang til å auke verdiskapinga i lokalsamfunnet (sosialt, kulturelt, økonomisk og miljømessige) gjennom betra besøksoppleving og berekraftig reiseliv<sup>4</sup>. I Aurland har mange interessert seg for dette fagområdet som har lange tradisjonar i mellom anna Storbritannia og USA. I Aurlandsbygdene vert Kurset *Bli bygdevert!* arrangert årleg, og eit norsk Nettverk for stadformidling<sup>5</sup> er under utvikling. Stadformidling er samstundes eit satsingsfelt og integrert arbeidsområde for både utviklingsaktørar og næringsdrivande i kommunen<sup>6</sup>.

<sup>4</sup> Jf. Innovasjon Norge: <http://www.innovasjon Norge.no/Satsinger/Reiseliv/Barekraftig-reiseliv/>

<sup>5</sup> [www.stadformidling.no](http://www.stadformidling.no)

<sup>6</sup> T.d. Nærøyfjorden verdsarvpark, Aurland Næringshage, Aurland naturverkstad, SAKTE-alliansen

Ved å kople stadbasert læring og stadformidling som i stor grad rettar seg mot reiselivet, vil ein kunne gjera lokalsamfunnet meir sjølvmedvite om eigen identitet og eigne ressursar, og dette kan gi verdifull handlingskraft og konkret bidra til god vertskapskultur, gode besøksopplevingar og kommersiell opplevingsproduksjon<sup>7</sup>.

### **Nærøyfjorden Verdsarvpark: modell for stadbasert entreprenørskap og læring**

Nærøyfjorden Verdsarvpark er ei pilotsatsing på regionalpark som organisatorisk grep for å legge til rette for lokal og regional forvaltning, verdiskaping og stadutvikling på ei berekraftig plattform (sjå [www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no)). Nærøyfjorden Verdsarvpark har i sitt handlingsprogram lagt vekt på å trekka befolkninga aktivt med i ei rekke tiltak, og har utvikla ein eigen plan for samarbeid om skjøtselstiltak i kulturlandskapet. Parken har også vedteke å etablere samarbeid med grunnskule og vidaregåande skule. Parken har teke initiativ til nettverket Forum for Interpretasjon, som bl.a. arrangerer vertskapskurs. Skulens rolle er viktig i denne samanhengen. Gjennom skulegangen utviklar elevane både kunnskap, ferdigheiter og haldningar knytt til naturbaserte aktivitetar i verdsarvparken. Skulegangen er også ein grunnutdanning i å være vertskap for parken - eit vertskap som er forankra gjennom naturbaserte aktivitetar. Dette henger også saman med Nærøyfjorden Verdsarvpark sitt fokus på arbeidet med å styrke tolkingar og formidling (interpretasjon) av natur- og kulturverdiar hjå lokale aktørar. Målgrupper for formidling av stadens natur- og kulturverdiar er både tilreisande (turistar eller kundar av lokale produkt og tenester) og eigne innbyggjarar.

I forhold til eigne innbyggjarar gjev Landskapskonvensjonen særskilte føringar, ved at partane har forplikta seg til å fremja undervisningsopplegg i skular og universitet som tek opp landskapets verdi, og spørsmål som vert reist i forbindelse med vern, forvaltning og planlegging. (Artikkel 6c). Undervisningsopplegg om landskapet og ressursane i landskapet vil være viktig både for å auke kunnskapsnivået, men også for å styrka den lokale identiteten og stoltheita, som i sin tur vil kunne bidra positivt i forhold til utvikling av meir attraktive bu- og arbeidsplassar.

### **Utdanning for berekraftig utvikling**

Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har forplikta seg til å følgja opp, har i ein eigen artikkel (Artikkel 6, punkt B) beskrive dei tiltak som landa forpliktar seg til innanfor opplæring og utdanning med fokus på mobilisering og medverknad i forvaltning og utvikling av lokalmiljø og landskap. Kvardagslandskapet vert framheva som ein viktig ressurs for identitet, trivnad og verdiskaping. Utgangspunktet er at utviklinga av landskapet skal bygge på lokal deltaking og slik lokalbefolkninga oppfatar, forstår, opplever og bruker landskapet. Med basis i Rio-erklæringa er det også utarbeida kriterier og retningslinjer for berekraftig utdanning. Utdanninga bør bygge på lokale behov, virksamheiter og forståingsmåtar. Utdanninga bør utvikla lokal handlingskompetanse for å sikre ei berekraftig utvikling som både tek hensyn til sosial, kulturell, økonomisk og økologisk berekraft.

Kunnskapsdepartementet har i 2009 lansert en ny satsing på berekraftig læring med fokus på skulens nærområde kalla; "Den naturlige skulesekken" ([www.naturesekken.no](http://www.naturesekken.no)). Her vert skulen utfordra til å ta i bruk staden som læringsarena og nytta det lokale landskapet som arena for opplæring og utdanning. Seksjon for læring og lærarutdanning ved UMB har for perioden 2010-2020 eit overordna mål om utdanning for berekraftig utvikling. Prosjektet med kursutvikling og samarbeid med SJH og Nærøyfjorden Verdsarvpark inngår i denne satsinga.

---

<sup>7</sup> Jf. Parkplan for Nærøyfjorden verdsarvpark på [www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no)

## **FØREMÅL**

Prosjektet har som føremål å utvikle og gjennomføre eit kompetansegivande pilotkurs (15 studiepoeng) i "Stadbasert entreprenørskap og læring", som grunnlag for ny stadbasert nærings virksamheit og nye læringsarenaer. Kurset har fylgjande delmål:

- Å utvikla kurskonseptet "Stadbasert entreprenørskap og læring" i samarbeid mellom SJH, UMB og sentrale prosjektaktørar i kommunen. Kurset skal være kompetansegeivande med 15 studiepoeng.
- Å gjennomføra eit pilotkurs saman med deltakarar frå kommune/region: bønder, andre naturbruksbedrifter, Nærøyfjorden Verdsarvspark, Aurland naturverkstad, skular og offentlig forvaltning.

Gjennomføring av kurset skal danne grunnlag for å tilby kurset frå UMB på nasjonalt nivå i andre kommunar/regionar. Med bakgrunn i erfaringar og dialog i kurset, vert det utvikla ein berekraftig modell for stadbasert entreprenørskap og læring i skjeringsfeltet mellom bruk og vern, og å publisere modellen i artikkelform slik at den blir gjort offentlig tilgjengeleg. Artikkelen vert eit resultat av prosessen.

## **MÅLGRUPPE**

Pilotkurset er retta mot bønder, naturbruksbedrifter og sentrale aktørar innan skule og forvaltning i kommunane innafor Nærøyfjorden Verdsarvspark (Aurland, Lærdal, Voss, Vik). Seinare kurs vert retta mot kommunar og regionar med vekst/verneproblematikk som ynskjer å skape og forankre eigen utdannings- og utviklingsarena for 'stadbasert læring og stadutvikling'.

## **INNHALD OG GJENNOMFØRING**

Prosjektet vil ha eit todelt resultat: på den eine sida kompetansebygging og stadbasert verdiskaping i ein konkret region (Nærøyfjorden Verdsarvspark) og samtidig kompetanseutvikling på nasjonalt plan i form av modellutvikling og kurs som kan tilbys fleire kommunar og regioner i landet frå og med hausten 2013. Det vil ha tre fasar:

- (1) august – desember 2011: Utvikling av kurs i samarbeid mellom aktørane
- (2) januar – oktober 2012: Gjennomføring av pilotkurs
- (3) oktober 2012 – mars 2013: Rapportering, artikkelskriving og marknadsføring av kurs.

Fase (1): Utvikling av kurs

Kursutvikling vil skje gjennom to samlingar der sentrale aktørar frå samarbeidande institusjonar vil delta. Første samling vil føre gå i Aurland frå 1. – 4. september. Andre samling vil være en studietur til England og vil føregå 20.- 24. oktober. Program for studieturen (sjå vedlegg nr. 7 i KIL-søknaden, datert 24.02.2011).

Fase (2): Gjennomføring av pilotkurs

Sjølve pilotkurset vil gjennomførast med 3 samlingar (førebels tidspunkt) à 3 dagar i mars, juni og oktober 2012. Kurset vil ha 25-30 deltakarar og delvis vera eigenfinansiert.

Fase (3): Rapportering, artikkelskriving og marknadsføring av kurs

Erfaringane frå gjennomføring av kurset og utviklingsprosjektet lokalt vil danne basis for utvikling av både en modell for stadbasert entreprenørskap og læring og ein kursserie som vil bli tilbydd nasjonalt gjennom SLL. UMB vil i tillegg setja av ressursar til artikkelskriving i eit faglig samarbeid mellom ILP og SLL. Marknadsføring av nye nasjonale kurs vil skje våren 2013.

### **FAGLEG SAMARBEID**

Nærøyfjorden Verdsarvspark.  
Aurland Naturverkstad

### **PROSJEKTANSVARLEG**

Sogn Jord og Hagebrukskule ved Ressursenteret.  
Universitetet for miljø- og biovitenskap ved Seksjon for læring og lærerutdanning.

Aurland, 24. februar 2011  
ressursenteret ved SJH

